

Planprogram

Revisjon av kommunedelplan for klima, energi og miljø 2023-2031

Vågå kommune

Vedteke i kommunestyret 28.09.2023 sak 58/23

Innhald

Innleiing	2
Bakgrunn og mål.....	2
Overordna føringar og rammer	2
Strategiar for å bli eit lågutsleppssamfunn	4
Kutte utslepp	4
Effektiv drift og ressursforvaltning.....	4
Berekraftig forbruk.....	4
Fokusområde i planen	5
1. Stadutvikling, arealbruk og transport.....	5
2. Forbruk, gjenvinning, ombruk og avfall.....	5
3. Klimavenlege anskaffelser	5
4. Klimasmart jordbruk, skogbruk og næringsliv.....	6
5. Energiforsyning og energibruk i bygg	6
Planprosess.....	7
Ansvar	7
<i>Prosjektleiingar</i>	7
<i>Prosjektansvarleg</i>	7
<i>Prosjekteigar</i>	7
Organisering	7
<i>Politisk styringsgruppe</i>	7
<i>Arbeidsgruppe</i>	8
<i>Utvida arbeidsgruppe</i>	8
Tidsplan	8
Medverknad	9
Økonomi	9

Innleiing

Kommunar og fylkeskommunar skal utarbeide ein klimaplan i tråd med Statleg planretningsline (SPR). Målet med klimaplanlegging er å kartlegge nå situasjonen og gjennomføre tiltak som gir resultat i form av reduserte klimagassutslepp i kommunane. Regionrådet for Nord-Gudbrandsdalen godkjende i 2008 ein regional plan for klima og energi. Vågå kommune følgde opp den regionale planen ved å utarbeide eigen klima og energiplan i 2011. Dette var første generasjons klima og energiplan og på enkelte område var det difor fleire spørsmål enn svar. Det har no gått ein del år sidan klima og energiplanen vart vedteke og Vågå kommune har i kommunale planstrategiar for 2020-2024 sett opp at planen skal reviderast i løpet av planperioden.

Bakgrunn og mål

Det har gått over eit tiår sidan kommunen starta planarbeidet med gjeldande kommunedelplan. I løpet av denne tida har kunnskapsgrunnlaget blitt oppdatert og meir omfattande. Regional plan for klima, energi og miljø vart vedteke i juni 2023. Tema frå den regionale planen er innarbeidd i den kommunale planen. Kommunedelplanen har difor fått namnet kommunedelplan for klima, energi og miljø og satsingsområde natur- og kulturmiljø og naturmangfald er vald ut til å vere det 6. satsingsområde i den kommunale planen. Vågå kommune sin klima, energi og miljøplan tek da for seg dei same satsingsområde som den regionale planen, med kommunen har vald å trekke fram tema som kommunen har jobba mykje med dei siste åra som stadutvikling saman med arealbruk, kommunale innkjøp og energieffektivering av kommunale bygg.


Formålet med klima- og energiplanen er å fastsette mål for Vågå kommune sitt klimaarbeid. Planen vil omhandle kommunen sitt arbeid for å redusere klimapåverknaden. Dei konkrete tiltak som ein kjem fram til skal fastsettast i planen. Intensjonen er at det kvart andre år skal utarbeidast ein eigen tiltaksdel som blir innarbeidd i kommunen sin økonomiplan. Kommunen vil også utarbeide klimaregnskap for eigen verksemd.

Overordna føringar og rammer

Klimaendringane er den største miljøutfordringa som verda står ovanfor i dag. Sidan starten på industrialiseringa har konsentrasjonen av karbondioksid (CO₂), som er den viktigaste klimagassen i atmosfæren auka med 40 %. FNs klimapanel (IPCC) reknar med at mesteparten av den globale oppvarminga dei siste 50 åra er skapt av menneskjer. Regionale og lokale klimaendringar kan bli store, knytt til auka nedbør, auka tørke og meir ekstreme vêrforhold.

Stortinget har vedteke *Lov om klimalov og oppjusterte klimamål*, der målet med lova er å fremje gjennomføring av Norges klimamål som ledd i omstilling til eit samfunn med låge utslepp. Klimamål for 2030 og 2050 skal lovfestast. For 2030 skal målet vere at utslepp av klimagassar skal reduserast med minst 50 % og opp mot 55 % frå referanseåret 1990. For 2050 er målet at Norge skal bli eit lågutsleppssamfunn, slik som det også går fram av Meld . St. 13 (2021-2030). For å nå dette målet må det kuttast i klimagassutsleppa, samstundes som vi må handtere klimaendringar.

Kommunen skal gjennom planlegging stimulere og legge til rette for reduksjon av klimagassutslepp, jf. *statlig planretningsline for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing*. Dette skal gjerast i ein eigen kommunedelplan eller som ein del av kommuneplanens samfunnsdel og arealdel. Kommunen står fritt til å velje tema i planen, men planretningslina gir føringar på kva som bør vere med i ein klima og energiplan. Hausten 2015 vedtok FN sine medlemsland 17 mål for berekraftig utvikling fram i mot 2030. Måla ser miljø, økonomi og sosial utvikling i samheng. Det gjeld for alle land og er eit vegkart for den globale innsatsen for ei berekraftig utvikling. Berekraftig utvikling handlar om å ta vare på behova til dei menneska som lever i dag, utan å øydeleggja for framtidige generasjonar sine moglegheiter for å dekkja sine.



Figur 1: FNs 17 bærekraftsmål kan delast inn i tre dimensjonar: klima og miljø, sosiale forhold og økonomi.

Grunnlaget for klima- og energiplan vil bli basert på FN sine bærekraftsmål, med lokal tilpassing og tilrettelegging. Andre sentrale nasjonale og regionale føringar for planarbeidet:

- Klimastrategi for 2030 (St.mld 41, 2016-2017)
- Klimaplan 2021-2030 (St. mld 13, 2020-2021)
- Stortingsmelding "Mål med mening" (St. mld 20, 2020-2021, for å nå bærekraftsmåla)

- Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging (2019-2023)
- Statleg planretningsline for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning (20.9.2018), med tilhøyrande rettleiar for klima- og energiplanlegging.
- Statlige planretningslinjer for samordnet bustad-, areal- og transportplanlegging
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen
- Forskrift om rammer for vannforvaltning
- Mobilitetsstrategi for Innlandet 2021-2030.
- Landbrukets klimaplan 2021-2030 (avtale inngått mellom staten og landbrukets organisasjonar).
- Tiltaksplan for skog- og tresektoren for Innlandet 2021-2024.
- Det grønne Innlandet: regional plan for klima, energi og miljø

Strategiar for å bli eit lågutsleppssamfunn

Planen skal vere til inspirasjon for innbyggjarar, næringsliv og kommunal verksemd, og vil ta utgangspunkt i tre strategiar for å nå overordna mål om utsleppskutt og grøn omstilling:

- Kutte utslepp, og unngå nye utslepp
- Effektiv drift og ressursforvaltning
- Berekraftig forbruk

Kutte utslepp

For å redusere klimagassutslepp må fosile energikjeldar for både bilar og maskiner fasast ut over tid. Det finns mange gode alternativ og det blir arbeidd med å finne fleire. Det må sjåast på forhold knytt til tilgjengelegheit, kostnad og logistikk. Dersom utfasinga går for raskt vil det medføre store utslepp ved produksjon av nye bilar og maskinar, samt at mengda avfall vil auke. I tillegg til å redusere dagens utslepp, må det også iverksettast nye tiltak for å unngå nye utslepp mellom anna som følgje av å endre forbruksmønster og arealbruk.

Effektiv drift og ressursforvaltning

Effektiv drift og best mogleg forvaltning av avgrensa ressursar er viktig for grøn omstilling. Avvikling av fossile energikjelder gir auka etterspørsel etter rein energi, og det er viktig at vi nyttar energien mest mogleg effektivt. Det må også settast fokus på sirkulær økonomi og ombruk av energi, etter kvart som vi ser at heile Noreg vil ha energiknappheit i løpet av få år. I tillegg må vi utnytte dei ressursane som vi har i regionen som til dømes utmarksbeite, trevirke frå skogen og moglegheita til å produsere rein energi.

Berekraftig forbruk

Kvar innbyggjar i Noreg har eit betydeleg større klimautslepp enn gjennomsnittet i verda, og mykje av dette skuldast kjøp av varar og tenester. Med eit meir bevist forhold til eige forbruk og avfall, og ved å stille miljøkrav til leverandørar, kan både privatpersonar, kommunar og bedrifter bidra til ein meir

klimavenleg kvardag. Beviste forbrukarar kan gje nye moglegheiter for lokalt næringsliv, og fokus på berekraftig design, marknadsføring og logistikk kan bidra til å styrke eigen posisjon i marknaden.

Fokusområde i planen

1. Stadutvikling, arealbruk og transport

Målet er effektiv arealbruk og miljøvenleg transportsystem som er knytt mest mogleg opp til kollektivknutepunkt. Dette er ei utfordring i kommunar med lite folketal og spreidd busetnad. Det er likevel viktig at det er fokus på dette ved revisjon av kommunen sine arealplanar. Tilrettelegging for miljøvenleg transport, som el-bil og el-syssel, kan kompensere for store avstandar og spreidd busetnad. Norconsult AS har utarbeide ein stadutviklingsplan for Vågåmo sentrum der det mellom anna er lagt til rette for fortetting og framtidig arealbruk som reduserer transportbehovet. Det blir også lagt opp til at ein større del av transportbehovet kan løysast til fots og på sykkel. Det er også viktig å ha fokus på karbonrike areal og nedbygging av utmarksareal. Omsynet til klima må vektleggjast tungt i alle arealplansaker.

2. Forbruk, gjenvinning, ombruk og avfall

Kommunen skal vere ein pådrivar i energi- og klimaspørsmål gjennom aktivt informasjons- og haldningsskapande arbeid. Effektive klimatiltak vil krevje haldningsendringar politisk og administrativt i kommunen, samstundes som den enkelte innbyggjar må bidra. Det er vanskeleg å måle utslepp frå forbruk. Den største delen av utslepp knytt til forbruk oppstår utanfor Vågå kommune sine grenser og skyldast indirekte utslepp i samband med produksjon og transport. Dersom vi hadde teke med dei indirekte utsleppa i rekenskapet for heile kommunen ville klimagassutsleppa vore fleire gonger så høge enn dei direkte utsleppa som blir målt for kommunen. Det er difor viktig å redusere forbruket for å nå målet om utsleppsreduksjon. Store delar av det vi brukar endar opp som avfall. Med eit meir bevist forhold til eige forbruk og avfall, og ved å stille miljøkrav til leverandørar, kan både privatpersonar, kommunar og bedrifter bidra til ein meir klimavenleg kvardag. Som kommune skal Vågå bidra til eit berekraftig forbruksmønster gjennom målretta bruk av innkjøpsmakta og auke tilrettelegginga for gjenbruk og dele/utlånsordningar.

3. Klimavenlege anskaffelser

Kommunen gjer store innkjøp, og krav som blir stilt ved innkjøp kan derfor bidra til reduserte klimagassutslepp frå kommunal sektor. Dette var eit tema i førre klima og energiplan, og det vil også vere eit viktig tema ved revidering av planen. Det er også viktig å ha fokus på kva som er det faktiske behovet før innkjøpet blir gjort. Det å skaffe noko som ikkje dekker behovet, kan vere både miljøbelastande og fordyrande ved at produktet anten må kasserast eller det må skaffast ein tilleggsleveranse. Det er også viktig å ha fokus på at riktig mengde vare blir bestilt, og at det blir nytta miljømerka produkt. Som ein del av utlysing av anbod vektlegg kommunen at tilbydar skal ha ein miljøleiingsystem og at møter og underlag i størst mogleg grad er digitalt for å redusere ressursforbruk

4. Klimasmart jordbruk, skogbruk og næringsliv

Landbruket er bærebjelken i kommunen, og det er eit uttalt mål at landbruksproduksjonen skal auke i landbruksplanen til kommunen, også produksjon av storfekjøtt. Produksjon av raudt kjøtt, på lokale ressursar, aukar i liten grad klimautsleppa frå landbruket. Lokalprodusert grovfôr på inn- og utmark bitt CO₂ gjennom grasproduksjonen. Drøvtyggarane omformar ufordøyeleg gras til høgverdige proteinkjelder for menneske.

Mange av innsatsfaktorane knyta til landbruksproduksjon gir i dag klimaavtrykk, t.d. bruk av kraftfôr, bruk av kunstgjødsel, bruk av fossil energi til transport. Meir effektiv transport, mindre kraftfôr i fôrrasjonen og bruk av fornybar energi til transport kan redusere klimaavtrykka frå landbruket. Etablering av biogassanlegg, solcelleanlegg, vindmøller mv. vil gje fornybar energiproduksjon. Teknikkar som reduserer utslepp av miljøgassar frå gjødsellager og drøvtyggardyra er og tema som vil bli omtala og vurdert.

Eit aktivt skogbruk er eit tiltak som gjev ein klar klimagevinst. Skogen bitt CO₂ gjennom fotosyntesen og er ei viktig kjelde til fornybar energi, sagtømmer og fiberproduksjon. Det er difor viktig å stimulere til eit aktivt skogbruk og bruke treprodukt der det kan erstatte material med stort klimaavtrykk. Vågå har store skogareal, og tiltak for auka binding av CO₂ frå skog kan derfor vere eit viktig bidrag for å løyse klimautfordringane.

Vågå kommune ønskjer å vere med å sikre at Nord-Gudbrandsdalen sitt næringsliv skal stå mest mogleg rusta til å møte klimautfordringane og lågutsleppssamfunnet. Her er det viktig at kommunen går i front for å finne klimavenlege løysingar som sikrar grøn næringsutvikling.

5. Energiforsyning og energibruk i bygg

Vågå kommune ynskjer å vere ei nyskapande og energieffektiv kommune som nyttar mest mogleg fornybar energi. Smart bygningsdrift er eit viktig tiltak for energieffektivisering/optimalisering. Vågå kommune er med i eit klimasatsnettverk der teknisk drift av kommunale bygg er hovudfokus. Dette er eit nettverk der mange kommunar deltek og det er Nordplan (tidlegare Enøk-senteret) på vegne av Vågå kommune som administrerer prosjektet. Gjennom deltaking i dette nettverket er målet å heve kompetansen innan tekniske fag for å redusere energibruk og klimautslepp. Vågå kommune har som mål å redusere energiforbruket med 15 % innan 2025 og 30 % innan 2030.

Bygningsmateriale som betong og stål er energikrevjande å framstille, og det er utslepp av klimagassar i samband med framstillingsprosess. Bruk av tre som byggemateriale medfører langvarig binding av CO₂ og gjev dermed eit positivt bidrag til klimarekneskapen. Kommunen har som målsetting å velje byggemateriale og teknikkar som gjev minst mogleg klimautslepp ved nybygg. Det er difor mogleg å kutte utslepp ved å sjå på energiforsyning og energibruk i eksisterande og nye kommunale bygg.

6. Natur- og kulturmiljø og naturmangfald

Naturen og fotosyntesen er grunnsteinar i heile verda og menneska sin eksistens. Økosystema tek opp mykje av dei menneskeskapte karbonutsleppa. Det å ta vare på naturen kan difor vere det billigaste og enklaste klimatiltaket som ein kan gjere. Robuste økosystem er betre egna til å stå imot endringar som følgje av framtidige klimaendringar. Naturen og kulturlandskapet er også viktig for rekreasjon, læring, friluftsliv, jakt- og fiske og kulturell identitet. Kulturell identitet handlar om å identifisere seg med eit eller fleire kulturelle fellesskap.

I dag blir økosystem og artar globalt øydelagt, truga og utrydda i ein skala som vi aldri før har opplevd. Hovudårsaka til dette er endringar i arealbruk. Mange økosystem i skog, kulturlandskap, våtmark, vassdrag og fjell er i dag heilt eller delvis endra som ein følgje av menneskelege inngrep og forstyrringar. Endring av areal som påverkar naturen i Noreg fordelar seg relativt likt mellom jord- og skogbruk, og andre arealendringar som bustadbygging, vegbygging og energianlegg. Endra driftsformer i landbruket, oppdyrking, grøfing og drenering av myr og våtmarksområde, samt moderne skogsdrift og etablering av monokulturar bidreg til tap av biologisk mangfald.

Kulturmiljø omfattar kulturminne og kulturlandskap, som er ein ikkje fornybar kunnskaps- og opplevingsressurs. Til dømes har jordbruket sitt kulturlandskap stor kulturhistorisk verdi. Naturtypene i dette kulturlandskapet er blant dei mest artsrike vi har i Noreg, og bidreg til det biologiske mangfaldet. Verneverdige og freda bygningar er ein del av dette landskapet. Klima- og natur heng saman og det er viktig å ha auka fokus på dette i tida framover.

Planprosess

Ansvar

Prosjektleder

Plan- og miljørådgjevar i Vågå kommune ved Laila Nersveen er prosjektleder. Prosjektleder er ansvarleg for å samanfatte det arbeidet som skal gjennomførast og følgje opp at arbeidsoppgåvene blir utført på ein tilfredsstillande måte innanfor gitte tidsrammer for planprosessen.

Prosjektansvarleg

Kommunedirektør i Vågå er prosjektansvarleg og er ansvarleg for kvalitetssikring mot overordna føringar og kopling mot politiske organ.

Prosjekteigar

Kommunestyret er prosjekteigar.

Organisering

Politisk styringsgruppe

Formannskapet som planutval i Vågå kommune.

Arbeidsgruppe

Aktuelle fagpersonar frå kommuneadministrasjonen utgjer ei arbeidsgruppe som er så lita som mogleg for å gjere planarbeidet effektivt. Arbeidsgruppa er ansvarleg for å skaffe fram nødvendig informasjon og vere med å diskutere tiltak innanfor sitt arbeidsområde. Medlem av arbeidsgruppe, i tillegg til plan- og miljørådgjevaren er:

- Landbrukssjef
- Ingeniør for kommunale bygg og innkjøp
- Nærings sjef/næringskoordinator

Utvida arbeidsgruppe

Kommunen har også oppretta ei utvida arbeidsgruppe som blir trekt inn i arbeidet med klimaplanen. Det er lagt opp til to faste møter, eit i tidleg fase for å sikre innsikt og medverknad og eit for å arbeide konkret med handlingsdel. Dette er nødvendig for å få brei involvering og forankring av planarbeidet, samt sikre at det er tilgang på nødvendig kompetanse innanfor ulike fagmiljø. Det er også viktig å forankre planarbeidet i miljø som er viktig for gjennomføring av tiltaksdelen i klima- og energiplan. Utvida arbeidsgruppe består av to medlem frå ungdomsråd, kommunen sin representant for barn- og unge, ein representant frå råd for eldre og funksjonshemma, representantar frå kommunalt innkjøpskontor, teknisk byggeleiar prosjekt, renovasjonsselskap, næringsliv ved reiseliv og anleggsbransjen og landbruk.

Tidsplan

Følgjande tidsplan er sett for planprosessen i arbeidet med klima- og energiplan

Oppgåver	1. halvår 2022	2. halvår 2022	1. halvår 2023	2. halvår 2023	1. halvår 2024
Utarbeide forslag til planprogram					
Politisk behandling av forslag til planprogram og varsel om planoppstart.					
Høyring forslag til planprogram					
Ev. justering av planprogram					
Arbeide med involvering og forankring					
Oppstartsmøte – heile arbeidsgruppa					
Vedtak planprogram					
Medverknad og forankring					

Arbeidsmøte, brukarinvolvering og temadag skule og landbruk					
Utarbeide planforslag med tiltaksdel					
Politisk behandling av planforslag					
Høyring av planforslag					
Justering av planforslag					
Politisk vedtak					

Medverknad

Det vil bli lagt opp til ein brei og open medverknadsprosess. Vågå kommune har delteke i eit kompetanseprogram i innovasjon der prosjektcase heiter: *Planverket vårt i praksis*. Målet er å få gode planprosessar der planar blir brukt som styringsgrunnlag og beslutningsgrunnlag etter vedtak. Arbeidet med å revidere klima og energiplan har vore sentral i dette innovasjonsstudiet og det har difor blitt brukt mykje tid på innsiktarbeid i tidleg planprosess. Viktig å forstå dagens situasjon og sikre at planen imøtekjem behova til dei som skal nytte planen etter vedtak. I denne prosessen er det brukt dybdeintervju i medverknadsprosessen. Medlem av utvida arbeidsgruppa har mellom anna blitt intervjua. Det har også vore fokus på medverknad og forankring internt i organisasjonen. Det er lagt opp til eigen temadag med skulen og landbruk.

Kommunen si heimeside og Facebook vil også vere ein sentral informasjons- og medverknadskanal. Plan- og bygningslova sine krav om medverknad vil bli lagt til grunn for arbeidet med planen. Kommunane har eit spesielt ansvar for å sikre medverknad for grupper som krev spesiell tilrettelegging, til dømes ved at desse gruppene er representerte i utvida arbeidsgruppe og at desse blir intervjua.

Økonomi

Arbeidet med klima- og energiplan vil bli gjennomført av kommunen sine eigen fagperson.

Dei konkrete tiltaka for perioden 2023-2031 blir fastsett i klima- og energiplanen. Intensjonen er at det kvart andre år skal utarbeidast ein eigen tiltaksdel som blir innarbeidd i kommunen sin økonomiplan. Kommunen vil utarbeide klimaregnskap for eigen verksemd.